



SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD
Møteprotokoll

Møtedato: Torsdag 24.11.2022 kl. 1800

Følgjande medlemmer/vara møtte:

Tor Helge Hardeland (leiar), Johannes Flatnes (nestleiar), Øyvind Tislavoll, Leiv Rossehaug, Arild Steinsland, Solveig Brynjelsen og Kristi Tveitaskog (første del av møte)

Forfall: Maren K.L. Bårdsen samt vara for Kommunal representant: Torgeir Tveit Katla.

Tekst for dagen ved Arild Steinsland

Saker som vart behandla:

- 14/2022 Godkjenning av referat og innkalling.
Informasjon og skriv
- 15/2022 Straumforbruk
- 16/2022 Budsjett 2023, Økonomiplan 23-26
- 17/2022 Verneplan for gravminne
- 18/2022 Leiar og nestleiar 2023
- 19/2022 Valestrand Kyrkje – restaurering av altertavle
- 20/2022 Gamle orgeldeler som er lagra i kyrkjetårna
- 21/2022 Installasjon av varmepumper mv. i Sveio kyrkje
- 22/2022 Ledig stilling som kyrkjevevje Utlisingsprosess

Sveio, 25.11.2022

Sign
Tor Helge Hardeland
Leiar Fellestrådet



Ottar Krakk
Kyrkjevevje

Signering av protokoll

Øyvind Tislavoll

Johannes Flatnes

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.11.2022	14/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

14/2022 Godkjenning av referat og innkalling.

- Informasjon og skriv

- Utviding av Eikeland Kyrkjegard – status
 - Søknad om igangsetting, graveløyve og skiltplan er sendt inn til kommune/Fylkeskommune. Det er forventa oppstart i løpet av nokre veker.

- Sveio kyrkje – utført arbeid
 - Takrenne
 - Gangbane
 - Behandling mot mott
- Lekkasje Eikeland Kapell
- Lønsoppgjeret 2022 –lokale forhandlingar – satse på fullføring i veke 48

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.11.2022	15/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

15/2022 Straumforbruk

Straumforbruket i kyrkjene i Sveio utgjer ei betydeleg utgift for Sveio kyrkjelege fellesråd. Med dei straumprisane me nå har hatt siste året er det eit enda større behov for å gjera noko med desse. I tillegg til at det har betydning for vår økonomi vert det generelt oppfordra til å redusera straumforbruket for å halda straumprisen nede.

For Fellesrådet sin del er det slik at enten må inntektene hevast for 2023 eller så må me setja i verk tiltak som har betydning for utgiftsnivået.

Nå i 2022 ligg det an til at me får statleg støtte på inntil kr. 90.000,-(45000,- /sokn) Det vil i så fall dekke størstedelen av overskridelsane i 2022. Men pr i dag er det ikkje noko som tilseier at det vil bli gitt statleg støtte i 2023.

Tiltak

Slik kyrkjeverja ser det er tre forhold som kan påverka straumforbruket på kort sikt:

1. Skifte av alle «gamle» flaumlys til ledlyskasterar.
2. Senking av brukstemperaturen i kyrkjebygga.
3. Stenging av kyrkjer i dei kaldaste månadane.

1. Skifte av alle «gamle» flaumlys til ledlyskasterar

Det er flaumlys ved alle kyrkjebygga i Sveio. Dei fleste lyskasterane er av eldre utgåve der dei trekkjer 4-500 W/t;

Eikeland Kapell – To lyskastarar – ute av funksjon

Sveio kyrkje – 6 lyskastarar, ein er skifta til led tidlegare, to andre lyser ikkje.

Førde kyrkje – 2 lyskastarar

Valestrand kyrkje – 5 lyskastarar, ein lyser ikkje

Valen Kapell – 2 lyskastarar

Totalt 16 nye lyskastarar

Ved å skifte til LED-lyskastarar kan me får redusert straumforbruket minst 250 w/time pr lyskastar. Totalt utgjør dette betydelege summar pr. år, særleg om me tek utgangspunkt i nåverande stramprisar.

Dersom me tek utgangspunkt i 10 timars brukstid i døgnet i snitt i året vil dette utgjere 40 Kwt pr døgnet. På årsbasis nærare 14600 kWt. Mulig anslaget er noko høgt, men det utgjør uansett eit betydeleg forbruk og kostnad.

Det er svært vanskeleg å spå kor mykje dette utgjør i kostnader pr. år. Men me kan ta utgangspunkt i fastprisen me har på 50% av forbruket i 2023; Den kommunale avtalen me og er ein del av har avtale om 127,41 øre/kW for 2023 for 50% av forbruket. Koss variabel pris vert veit me ikkje, men me kan ikkje ta utgangspunkt i at den blir lågare enn dette. Årskostnadane/potensiell innsparing vert då i overkant av 18500,-

Me har mottatt eit pristilbod frå Frøvik elektro på kr. 4000,- + mva /lyskastar, ferdig montert. For 16 nye lyskastarar vil då prisen vera kr. 64000,- + mva. Me vil og spare inn kostnader med skifte av lyspærer i dei gamle. Ikkje store summen, men det er også litt kostnader med dette.

Med utgangspunkt i denne utrekninga vil me kunne ha spart inn investeringa i løpet av fire år.

Finansiering er ikkje mulig gjennom ordinær drift, men det er tidlegare sett av midlar på fond «Vedlikehald kyrkjer». Investering kan finansierast gjennom bruk frå dette fondet her.

Det er nå under førebuinga av denne saka, medio november 22 opna opp ei tilskotsordning for utskifting av flaumlys. Kyrkjevevje har levert søknadar om skifte av lyskastarar på Valen, Valestrand, Førde og Sveio kyrkjer. Ved ev. tildeling av tilskot her kan kostnadane bli redusert vesentleg, ned mot ein eigenandel på 15%.

Alternativt tiltak

Eit anna alternativ kan vera å slå av flaumlysa, enten totalt eller deler av døgnet. Dette vil gje enda større innsparing. Samtidig må det vurderast opp mot sikkerhet og estetikk. Opplyste kyrkjer har vore sett på som eit sikringstiltak for å hindre påtenning og anna herved. Estetisk har og opplyste kyrkjer blitt sett pris på.

2. Senking av brukstemperaturen i kyrkjebygga.

Senking av temperatur er eit av dei enklaste tiltaka for å spare straum. Det vert anslått at ved å senke temperaturen ei grad vil ein spare 5% av oppvarmingskostnaden. KA skriv følgjande på ENØK – energieffektivisering (ka.no) :

Siden 90 prosent av kirkenes energibruk går til oppvarming, fokuserer vi på det. Gjennomførte effektiviseringstiltak viser at menighetene relativt enkelt kan redusere energiforbruk, i enkelte tilfeller opp til 50 prosent. Ved kun å redusere innetemperatur med 1 grad, vil energibruken reduseres med om lag 5 prosent.

I Sveio har me i utgangspunktet hatt ein brukstemperatur på 19-20 grader i kyrkjebygg. Kva som er akseptabel temperatur vil nok variere noko, særleg og i forhold til kva type aktivitet som skjer i kyrkja. Både dei som arbeidar i kyrkja og dei som kjem som deltakerar i gudstenester, gravferder og annan aktivitet vil ha eit ønske om ein akseptabel temperatur.

Frå media og andre kjelder registrerer me at temperaturen vert senka i ulik grad. I Oslo har dei t.d. sett 15 grader som sin nye normale innetemperatur; Maks 15 grader i alle kirker - Kirkelig fellesråd i Oslo (kirken.no) Andre fellesråd har lagt temperaturen på 17-18 grader.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd har på våre 5 kyrkjebygg hatt eit straumforbruk på omlag 245000 kwt i snitt for åra 2020 og 2021. Tar me utgangspunkt i at 90% av dette er oppvarming vil oppvarming utgjere 220000 kWt. Eit forenkla reknestykke skulle derfor tilseie eit potensiale på 11000 kWt pr. grad me senka temperaturen.

Ei senking frå 20 til t.d. 17 grader skulle derfor tilseie eit betydeleg lågare forbruk. Samtidig er det mindre å spare på dei fire kyrkjebygg i Valestrand og Førde sokn då desse alle har ein oppvarmingspraksis der me har varme på i forkant/under arrangement, mens me senke temperaturen til 12 grader når kyrkjebygg ikkje er i bruk. For Sveio kyrkje, som har eit forbruk på 115000 kWt, dvs snaut halvparten av vårt totale forbruk, er det meir å tene på å senke temperaturen då den her ligg på brukstemperatur heile tida. Dette fordi det er for liten varmekapasitet til å auke temperaturen på kort tid før bruk. Berre for Sveio kyrkja bør ein derfor kunne redusere med vel 15000 kWt med å senke temperaturen 3 grader.

Realistisk sett er nok sparepotensiale frå 15-20000 kWt pr år med å senke temperaturen. Avhengig av straumpris kan dette og utgjere 19-25000,- kroner på årsbasis. Her tatt utgangspunkt i fastprisavtalen for 2023 med 1,27/kWt.

3. Stenging av kyrkjer i dei kaldaste månadane.

Vel halve forbruket er i månadane desember, januar, februar og mars. Ei heilt eller delvis stenging av kyrkjer i denne perioden vil kunne utgjere eit potensiale for å spare eit betydeleg beløp. Sjølv om det nok bør haldast ein viss kviletemperatur bør det vera mulig å spare på å stenge kyrkjer i denne perioden. Ein kviletemperatur i Sveio kyrkja på 10 grader C bør kunne ha ei potensiale for å spare bortimot 30000 kWt i denne tida. For dei andre bygga er det mindre å spare, men og her er det eit visst innsparingspotensiale. Ei nedstenging der me t.d. flytta all aktivitet frå Sveio kyrkja til Sveio soknehus samt at me samla all aktivitet i Valestrand og Førde Sokn til Førde kyrkje frå desember til og med mars bør kunne spare inn 35000—50000 kWt. Ved ein straumkostnad på 127 øre /kWt utgjør dette frå 45- 63000,-. Samtidig må ein bekrefte å betale noko for bruk av Sveio soknehus slik at det netto sparepotensialet er noko lågare.

Dette er eit svært inngripande tiltak og det må vurderast om det er for inngripande. Det kan vurderast om det skal gjerast unntak frå gravferder og gudstenester på julaftan. I så fall vert

innsparingspotensialet mindre. Nå i 2022 har me forplikta oss til å halda kyrkjene opne i desember med bakgrunn i omsøkt statleg tilskot.

Ekstraordinære tilskot til straumutgifter

På slutten av 2022 har regjeringa kome med eit eige tilskot som skal gå til auka straumutgifter for 2022. I statsbudsjettet ligg det ikkje inne framlegg om å forlenge denne ordninga inn i 2023. Tidlegare har minister Kjersti Toppe tydeliggjort overfor kommunane at det er kommunane sitt ansvar og finansiera lokalkyrkja, her under og utgifter til straum.

Sveio KF har spelt inn til Sveio kommune at me bør ha eit auka tilskot på minimum 170000,- for å dekkja auka straumutgifter i 2023. Det er ikkje lagt inn nokon auke til dette i rådmannen sitt budsjettframlegg.

Sidan Fellesrådet har del i innkjøpsavtalen til kommunen har ikkje auken i kostnader for Fellesrådet vore like utfordrande som den kunne vore. Men berre den nye fastprisen for 50% av straumforbruket utgjer ei forventa kostnadsauke for Fellesrådet frå 2022- 2023 på omlag 120000,- kroner.

VURDERING:

Kyrkjeverja vurderer det som lite ønskeleg å slå flaumlysa av heile eller deler av tida. Dette ut frå sikkerhet for bygga og ut frå at opplyste kyrkjebygg er sett på som viktig.

Samtidig er det vanskeleg å forsvare at me brukar så pass mykje straum til dei eksisterande flaumlysa. Dette både ut frå ein situasjon der energi er mangelvare (berekraft) og ut frå vår eigen økonomi. Sjølv om reknestykke ovanfor har mange usikre faktorar er det likevel grunn til å tru at ei investering i LED-lys kan vera inntent i løpet av få år. Ved tildeling av tilskot er kostnadane inntent i løpet av svært kort tid.

Senking av temperatur og/eller stenging av kyrkjer er svært lite ønskeleg. Samtidig ser ikkje nokon veg utanom drastiske tiltak om fellesrådet ikkje får tilført midlar som skal dekke dei auka straumutgiftene.

Eg vil tilrå at me prøver å unngå stenging denne vinteren, men at me reduserer brukstemperaturen i kyrkjebygga til 17 grader. Her er og noko av grunnlaget for å unngå stenging at det er på gong tiltak som vil redusera kostnadane til oppvarming i Sveio kyrkje. Dersom prisane skulle auka ytterlegare må Fellesrådet på ny måtte vurdere stenging. Ev. overforbruk på straum i 2023 vert å dekkja inn av fondsmidlar. Dette vert vurdert i løpet av 2023.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert skifta flaumlys ved kyrkjebygga i Sveio.
2. Finansiering av kostnaden på inntil kr. 64.000,- skjer ved bruk av fond «Vedlikehald kyrkjebygg»
3. Brukstemperaturen i kyrkjene i Sveio vert frå 1.12.2022 sett til 17 grader
4. Det vert ikkje gjennomført stenging av kyrkjer i Sveio vinteren 2022/2023.
5. Stenging og andre tiltak skal vurderast på ny dersom situasjonen tilseier det.
6. Fellesrådet understreke overfor kommunen av dekning av straumkostnadar i kyrkjebygga er eit kommunal ansvar.

Behandling i møte:

Det vart informert om at departementet har gjort vedtak om tilskot på 90000,- i tilskot til ekstraordinære straumutgifter i 2022. I tillegg vart det informert om at det er søkt om tilskot til skifte av flaumlys til LED-lyskastarar. Er det og aktuelt at eksterne må bidra i forhold til kostnadar med oppvarming? Det er ønskeleg å unngå stenging av kyrkjer.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd:

1. Det vert skifta flaumlys ved kyrkjebygga i Sveio.
2. Finansiering av kostnaden på inntil kr. 64.000,- skjer ved bruk av fond «Vedlikehald kyrkjebygg»
3. Brukstemperaturen i kyrkjene i Sveio vert frå 1.12.2022 sett til 17 grader
4. Det vert ikkje gjennomført stenging av kyrkjer i Sveio vinteren 2022/2023.
5. Stenging og andre tiltak skal vurderast på ny dersom situasjonen tilseier det.
6. Fellesrådet understreke overfor kommunen av dekning av straumkostnadar i kyrkjebygga er eit kommunal ansvar.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.11.2022	16/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

16/2022 Budsjett 2023, Økonomiplan 2023-2026

Det som i første rekke set rammer for Fellesrådet sitt budsjettarbeid er løyvingane frå Sveio kommune. Rådmannen sitt budsjettframlegg ligg føre, men kommunen sitt budsjett for 2023 er ikkje vedtatt. Ut frå framlegget er det klart at Sveio KF vil ha store utfordringar med å få budsjettet til å gå saman i 2023. Innstrammingane i kommunen med reduserte løyvingar til Fellesrådet utgjer betydelege utfordringar for ein liten organisasjon som Fellesrådet. Når dette kjem samtidig med stor auke i straumutgifter, samt generell sterk løns- og prisvekst vil det bli svært vanskeleg å få eit budsjett til å gå i balanse. Når bevilgningane går ned 50000,- i reine kroner samt at det ikkje er tatt høgde for ei prisstigning på 6,4% frå 2021 – 2022, samt at for Fellesrådet si side utgjer straum ein vesentleg del av utgiftene, ei utgift som då har hatt langt høgare prisvekst, viser det seg at det er særst utfordrande å få eit budsjett i balanse.

Budsjett for 2023 kan derfor bli sett opp med bruk av disposisjonsfond for å koma i balanse. Dette er ikkje ønskeleg, men slik eg ser det er det ingen veg utanom dette.

Som vist til i sak 15/2022 vert det sett i verk tiltak som skal bremse straumkostnadane.

I tillegg vert det foreslått å redusera bruken av sommarvikarar. Dette er og uheldig då det vil medføra dårlegare vedlikehald av gravplassane i Sveio.

Den aller største utgifta for Fellesrådet er lønnskostnadane. Me har ein liten arbeidstokk og ev. fråvær/vakansar har store konsekvensar for drifta av kyrkja. Samtidig er det slik at det må vurderast om Fellesrådet har økonomi til å tilsetje nye umiddelbart i stillingane ved ev vakansar. Her ligg det ein mulighet for å spara pengar på kort sikt, men det kan og medføra større utgifter på lenger sikt dersom arbeidet ikkje vert tatt unna fortløpande. Å ikkje ha fast tilsette kan og medføra at det blir dyre vikarløysingar for «må-oppgåver».

Det er utarbeida eit detaljbudsjett med utgangspunkt i dei siste års budsjett. Som det vil gå fram av utkast til budsjett er dette ikkje eit endeleg budsjett. Utgiftsdelen er høgare enn inntektene på fleire av ansvarsområda. Det er særleg for «drift kyrkjer», ansvar 57200 utfordringa er størst, og ein av hovudgrunnane til utfordringane her er den forventade auken i straumkostnadar. Totalt har me ut frå utkastet ein manglande inndecking på kr. 287400,- Dette er etter at me har justert ein del utgiftspostar ned, samtidig som me har tatt høgde for ein del kjent auke i kostnadar.

Eg vil nedanfor gå inn på nokre faktorar på kvart enkelt ansvarsområde:

57100 – Administrasjon

Her er endringane at me må auka lønskostnadane noko utover generell lønsauke då arbeidet som kontorsekretær gjer i sin 10 % stilling med reinhald mv av soknehuset blir frå og med 2022 ført på dette ansvaret. Dette er utgifter som vert refundert og anslaget på refusjon vert heva tilsvarende. Utgifter til KLP og arbeidsgivaravgift må og hevast noko.

I tillegg er det berekna at det kjem inn tilskot til gjennomføring av kyrkjevalet. Her vil det og vera ei tilsvarende utgiftsside. Det er usikkert kor stort tilskotet vil vera, men det er lagt inn kr. 37000,- i budsjett. Det har over tid vore budsjetttert med kr. 74000,- til honora til rådsmedlemmer. Dette har ikkje vore brukt fullt ut pga. redusert møtefrekvens mv. Summen er likevel like stor i framlegget då me her legg inn kr. 20000,- i godtgjering til valmedarbeidarane.

Reinhald av soknehuset vert nå i hovudsak gjort av kontorsekretær, 10% stilling. Utgifter og refusjon for dette arbeidet vert nå ført på dette ansvaret.

Det er vidare grunn til å tru at Fellesrådet i 2023 må rekruttere ein eller fleire nye tilsette. Det er pr. i dag ikkje lagt inn kostnadar til rekruttering og opplæring av nytilsette.

57200 – Drift kyrkjer

Forutan ein viss auke i lønskostnadar er det i hovudsak auke i kostnadar til straum og forsikring som her ligg inne. Straum har hatt mykje fokus og treng ikkje omtalast nærare her. Forsikringspremien har ein varsla auke med 33%, omlag 30000,- kroner. I framlegget er det vidare redusert postar for inventar og utstyr samt vedlikehald. Det er små beløp, men samtidig er det nødvendig for å dekkja opp for auka utgifter elles. Siste åra har me hatt auka kostnadar til annonsering av gudstenester. Dette heng saman med betre layout/synlighet på annonsane. Me må vurdere om me kan fortsetje med det eller om me må redusere kostnadane til annonsering noko med å redusere innhald i avisannonsane. Konf. og endring av utgifter/refusjon ved reinhald på soknehuset.

57210 – Valestrand Kulturkyrkje

Budsjettet her skal gå i «0» og eg ser ikkje behov for å gå nærare inn på dette ansvaret. Ev overskot/underskot vert tatt av/lagt til eige fond.

57300 – Drift kyrkjegardar

Totalt sett går lønskostnadane og opp her. I 2022 var 5% av ein fast stilling lagt til sesongarbeidarar. Eg vil føreslå å vidareføra dette i 2023. Vidare er det nødvendig å redusere avsetnadane til nytt utstyr. Det er heller ikkje rom for årleg avsetning til kapital for å skaffa ny driftsbil.

Anslaget for inntekter på festeavgift må og reduserast noko, jf. kor mange feste som forfell til betaling komande år.

57410 – Diakoni

Ingen framlegg til endring i budsjett.

57420 – Trusopplæring

Dette ansvarsområdet har siste åra hatt tilstrekkeleg finansiering. Dette heng m.a. saman med redusert aktivitet i dei to åra med koronarestriksjonar. Det einaste endringa i budsjettframlegget her er ein viss reduksjon i kommunalt tilskot på kr. 14200,- (jf. generell reduksjon i kommunalt tilskot) samt tilsvarande auke i budsjettert tilskot til trusopplæring frå DnK.

57430 – Konfirmantarbeid

Her er det foreslått noko reduksjon både på utgifter og inntekter(eigenbetaling) ut frå erfaringstal frå dei siste åra.

57440 – Kyrkjemusikk

Ingen framlegg til endring i budsjett.

57450- Barnekor

Ein liten endring med noko midlar ført over frå «anna løn» til fast løn.

Oppsummering

Det er i vedlagt budsjettframlegg ikkje lagt inn kostnadar til nokon nye tiltak utover å dekke inn faktisk kostnadsauke til løn, straum og forsikring. Det er som nemnt og andre utgifter som vil koma som ikkje er lagt inn i budsjettet.

Reduksjon i kommunen sitt tilskot til kyrkjeleg fellesråd (i reine kroner) kombinert med ein høg løns- og prisvekst tilseier at fellesrådet har 4-500.000,- mindre å bruke enn det kostnadsnivået tilseier.

Oppsett budsjett har eit underskot på kr. 287400,- etter at det er forsøkt å kutta så langt som mulig. Det er ikkje haldbart med å budsjettera med eit underskot som må dekkast inn av disposisjonsfondet. Samtidig ser eg ikkje annan løysing for 2023 dersom kommunestyret ikkje endrar rådmannen sitt budsjettframlegg for 2023. Disposisjonsfondet er pr. i dag på 620.000,- . Budsjettet som ligg føre pr. i dag vil halvvere dette fondet. Det vil i så fall vera særskilt alvorleg. Fellesrådet har og andre fond, men dette er fond sett av til bestemte føremål.

Vurdering

Eg vil rå til at Fellesrådet utset endeleg budsjettvedtak til kommunestyre har gjort sitt budsjettvedtak. I utkastet til budsjett for Fellesrådet som ligg ved her er det gjort forsøk på å få eit budsjett i balanse. Det er ikkje mulig utan langt meir alvorlege tiltak enn det som er her er foreslått. Som kjent vil det vera skifte i personalet i løpet av 2023. Ei mulig løysing er å la stillingar stå ubesatt. Ei ubesatt kyrkjevejestilling, og/eller andre stillingar vil få alvorlege konsekvensar for drifta av fellesrådet og kan ikkje tilrås. Andre muligheter for å få eit budsjett meir i balanse er stenging av kyrkjer i deler av vinteren for å spara straum og ev. andre driftsutgifter. Dette er heller ikkje ønskeleg. Eit tredje alternativ er å redusera vedlikehaldet av gravplassane i sommarsesongen. Vedlikehaldet er pr. i dag allereie eit minimumsvedlikehald og kan ikkje reduserast utan at det vil bli slik at det vil skapa sterke reaksjonar hos innbyggjarane i kommunen. Det kan derfor vanskeleg tilrås.

Kyrkjeveirja vil pr. november 22 tilrå at Fellesrådet ikkje vedtar budsjett for 2023. Endeleg budsjettvedtak vert først gjort når dei endelege rammene for 2023 er klare.

Dokument i saka:

- Utkast til budsjett for 2023 – Sveio KF
- Notat med utdrag frå rådmannen sitt budsjettframlegg

Kyrkjeveirja sitt framlegg til vedtak:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd tek budsjettsaka til orientering.
- Budsjett 2023 vert lagt fram for vedtak når løyvingane frå kommunen er kjent.
- Fellesrådet ber om å få ny budsjettsak til vedtak i første del av januar 2023.

Behandling i møte:

Straumtilskot og vakanse i stilling ser ut til å bidra til ein rekneskap i meir balanse enn forventa i 2022. Framlagt budsjett har eit underskot /inndekning med bruk av disposisjonsfond på over 280.000,- Det er stillingar som vil bli utlyst med tilsetjing i 2023. Ved å la desse stå ubesatt har me ein mulighet til å dekke inn noko av underskotet, men det vil få konsekvensar i form av at arbeidsoppgåver ikkje vert gjort.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd tek budsjettsaka til orientering.
- Budsjett 2023 vert lagt fram for vedtak når løyvingane frå kommunen er kjent.
- Fellesrådet ber om å få ny budsjettsak til vedtak i første del av januar 2023.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.11.2022	17/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

17/2022 Verneplan for gravminne/-plassane

Vernearbeid for gravplassane er regulert av ulikt lovverk, mellom anna Rundskriv Q-06/2020

Her i Sveio starta me eit arbeid for å få på plass ein verneplan for gravplassane her i Sveio hausten 2020. Arbeidet vart starta opp i forkant av dette rundskrivet, Q06/2020, men med utgangspunkt i ein veileidar som kom i 2018.

Målet med planen er å leggja til rette for gjenbruk av graver samtidig som me tek vare på verneverdige gravminner.

I arbeidet har det vore ei avveging mellom å gå svært grundig inn i bakgrunnsmateriale etc. og kva som er praktisk mulig ut frå kapasitetsomsyn.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd hadde saka oppe i sitt møte 1.10.2020 og gjorde følgande vedtak (*sak 27/2020*;

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak

1. *Det vert utarbeida ein verneplan for gravplassane i Sveio*
2. *Det vert oppretta ei arbeidsgruppe for arbeidet.*
3. *Ein tek sikte på at ferdig plan er klar i juni 2021*

Det vart sett ned ei prosjektgruppe bestående av;

Dagfinn F. Bjørge, arbeidsleiar i Fellesrådet
Ellen Tveit, konsulent ved Sveio Kulturkontor
Ottar Krakk, Kyrkjevevjerje, sekretær for arbeidet

Det vart vidare rekruttert inn omlag 15 frivillige som har gjort ein omfattande registreringsjobb av eldre gravminne. Kontorsekretær ved kyrkjekontoret, Brit K. Olsen har og tatt del i registreringsarbeidet.

Av ulike grunnar har arbeidet tatt betydeleg lenger tid enn venta. Arbeidet har vore omfattande og til dels vanskeleg å avgrense.

Det har undervegs og skjedd endringar i regelverket. I rundskrivet finn vi denne omtalen;

- 3.1.4 Bevarings-/verneplan etter gravplassforskriften Lokal gravplassmyndighet kan vedta at områder av gravplassen eller enkeltgraver med gravminner og annet utstyr skal bevares, jf. gravplassforskriften § 27. Slikt vedtak skal nedfelles som egne bestemmelser i de lokale vedtektene og det bør utarbeides en verneplan for

gravplassen. En verneplan etter gravplassforskriften vil være utfyllende og mer detaljert enn eventuelle bestemmelser i en kommuneplan eller en reguleringsplan. Det er utarbeidet en egen veileder for verneplan for gravplasser.

Tidlegare var det slik at gravminner over 60 år ikkje skulle fjernast utan godkjenning frå Fylkeskommunen. Her er grensene nå endra slik at det er dette som gjeld:

Gravminner i gravplassens eie som er eldre enn år 1900, og samiske gravminner fra år 1917 eller eldre, skal ikke flyttes eller fjernes før fylkeskommunen eller Sametinget har hatt anledning til å uttale seg, jf. pkt 3.6.1 om fredete gravminner. (Rundskriv punkt 3.6)

Det ligg nå føre eit utkast til plan. Utkastet legg opp til vern av omlag 100 gravminne samt at me gjer vedtak om vern av heile gravplassen på «Eikeland Gamle».

I dei høva det er festa graver må det inngås eigen avtale med festar om vern

Vurdering:

Ein verneplan skal legga til rette både for vern og for gjenbruk av gravplassane. Kyrkjeverja sin vurdering er at den foreliggende planen balanserer desse behova. Vi får vedtatt vern av eit godt utval av enkeltgravminne. Samtidig med dette får me gitt rom for å fjerna gravminne som er i dårleg stand og som hindrar effektivt vedlikehald av gravplassane. Ved å verna gravplassen «Eikeland Gamle» som ein heilskap får me og tatt vare på eit miljø som vil gje oss eit bilde av vekslande gravskikkar frå første delen av 1900 talet og fram til omlag 1970.

Sjølv om vern ikkje treng bety at festar seier opp festeavtalen er det grunn til å tru at nokre fleire festerar vil gjera det. Det økonomiske «tapet» her er samtidig svært avgrensa og det er etter kyrkjeverja si vurdering større fordeler med å få til eit meir effektivt vedlikehald av grøntanlegget når ein del eldre og til dels øydelagte gravminne kan fjernast.

Kyrkjeverja vil tilrå at planen i tråd med regleverket vert sendt ut på høyring.

Dokument i saka:

- Utkast: «Verneplan for gravminne/-plassane i Sveio»

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

1. Verneplan for gravplassane i Sveio vert tatt til orientering.
2. Planen vert sendt ut på høyring med høyringsfrist 15.1.2023.
3. Kyrkjeverja fremjar planen for Fellesrådet på ny samt, inkludert framlegg til vedtekter for gravplassane når høyringsfristen er ute.

Behandling i møte:

Det vart påpeika nokre manglande bilde i planen samt informasjon om «Førde Nye» ved kyrkja. Det er og eit ønske om at det ved kvar gravplassomtala vert sagt noko om kva tid gravplassen vart tatt i bruk. Kan det og vera aktuelt å trykka planen opp som eit lite hefte?

Høyringsfristen er noko knapp og Fellesrådet ber om at den vert forlenga med ein månad.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Verneplan for gravplassane i Sveio vert tatt til orientering.
2. Planen vert sendt ut på høyring med høyringsfrist 15.2 .2023.
3. Kyrkjeverja fremjar planen for Fellesrådet på ny samt, inkludert framlegg til vedtekter for gravplassane når høyringsfristen er ute.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.11.2022	18/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

18/2022 Leiar og nestleiar 2023

«Regler om formene for menighetsrådet og kirkelig fellesråds virksomhet» slår fast at leiar og nestleiar i Fellesrådet skal veljast innan 1. januar kvart år. Leiar og nestleiar vert valt for eit år av gongen.

Over noko tid har det vore vanleg at dei to sokneråda har veksle på å ha leiarverv og nestleiarverv

Første året i denne valperioden var Tor Helge Hardeland leiar og Johannes Flatnes vore nestleiar. I 2021 vart rollane byta om slik at Johannes Flatnes har vore leiar og Tor Helge Hardeland nestleiar. Og deretter tilbake til Hardeland som leiar og Flatnes som nestleiar. Ny valperiode tar vanlegvis frå 1.12 til 30.11 i påfølgande år. Hausten 2023 er det og på ny val av sokneråd. Sokneråda vel då på ny sine medlemmer til Fellesrådet.

Leiar og nestleiar sit og i Partsamansett utval og Forhandlingsutvalet. Jf. Sak 33/2019

Framlegg til leiar og nestleiar for komande år må fremjast i møte.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd gjer følgjande val:
 - Leiar – Perioden: 01.12.2022 – 30.11.2023;
 - Nestleiar – Perioden: 01.12.2022 – 30.11.2023;

Behandling i møte:

Det vart peika på tidlegare praksis med skifte av leiar mellom dei to sokna. Johannes Flatnes vart peika på som ny leiar. Som nestleiar vart Øyvind Tislavoll føreslått. Ingen andre kandidatar vart føreslått.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd gjer følgjande val:
 - Leiar – Perioden: 01.12.2022 – 30.11.2023; Johannes Flatnes
 - Nestleiar – Perioden: 01.12.2022 – 30.11.2023; Øyvind Tislavoll

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.11.2022	19/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

19/2022 Valestrand Kyrkje – restaurering av altertavle

Altertavla i Valestrand Kyrkje har fått nokre skader. Det har oppstått nokre sprekker i pappen som maleriet er måla på. Den forgylla bua lista som går over sjølve maleriet har og vesentleg avskalling.

Maleriet er datert 1906. Det har og tidlegare vore utført restaurering av sprekker i maleriet, uvisst på kva tidspunkt. I følge rapport utarbeida av Anne Ytterdal , malerikonservator ved arkeologisk museum i Stavanger er denne restaueringa «fargemessig dårlig tilpassa».

Det er ikkje kjent kvifor sprekkene har oppstått. Ustabil innelima kan vera ein årsak samt også ev «mekanisk press» på den gamle pappen.

For å få betre oversikt over luftfuktighet mv er det nå lånt ein målar av Arkeologisk museum som skal registrere dette gjennom vinteren.

Økonomi

Det er utarbeida eit kostnadsoverslag over behandling av maleriet. Dette kjem ut med ein kostnad på kr. 177870,- + mva. I tillegg kjem kostnader til stillas.

Det finnes ei ordning gjennom Riksantikvaren der ein kan søkje tilskot til restaurering av kyrkjekunst. Ordninga har søknadsfrist 1. november og kyrkjevevja har søkt om tilskot.

Vurdering

Slik kyrkjevevja vurderer det bør altertavla setjast betre i stand. Kostnadane er imidlertid så betydelege at dette ikkje kan prioriterast av egne midlar og/eller kommunale midlar. Ein behandling av altertavla som beskriven har derfor som føresetnad at me får tilskot frå Riksantikvaren. Innanfor ordninga vil listeførte/verna kyrkjebygg bli prioritert før dei som ikkje er det. Valestrand kyrkje er ikkje verna eller listeført.

Dokument i saka:

- Notat frå befarig, Anne Ytterdal, Arkeologisk Museum, 24.10.22
- Søknad om tilskot til restaurering av altertavle, 28.10.22

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

1. Altertavla i Valestrand kyrkje vert behandla i tråd med framlegg frå Arkeologisk museum i Stavanger til ein total kostnad på kr. 177870,- + mva

2. Tiltaket vert berre gjennomført dersom kostnaden vert dekkja av tilskot frå riksantikvaren.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Altertavla i Valestrand kyrkje vert behandla i tråd med framlegg frå Arkeologisk museum i Stavanger til ein total kostnad på kr. 177870,- + mva
2. Tiltaket vert berre gjennomført dersom kostnaden vert dekkja av tilskot frå riksantikvaren.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.11.2022	20/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

20/2022 Gamle orgeldeler som er lagra i kyrkjetårna

I fleire av kyrkjene våre står det lagra gamle orgel, ev deler av dei. Dette gjeld i kyrkjene i Førde, Valestrand og Sveio. Dette er orgel som vart skifta ut på 1970 og 1980 talet. Pr. i dag har dei ingen bruksverdi.

Orgla er kort fortalt slik beskrivne av orgelkonsulent Stein Johannes Kolnes:

Det første orglet i Sveio kyrkje dreier seg om eit instrument frå Olsen & Jørgensen frå 1899 med 6 stemmer, mekanisk traktur og kjeglelade. Det er ein robust orgeltype med gode klanglege kvalitetar, men var lite for kyrkja - det nye orglet fekk 20 stemmer - og nokså umoderne da det nye kom. Det er likevel eit instrument som kan restaurerast med godt resultat og brukast vidare.

Valestrand kyrkjes første orgel var likeeins bygd av Olsen & Jørgensen i Kristiania. Det var bestilt sommaren 1914 og blei truleg levert sommaren etter. Som i Sveio hadde det 6 stemmer, men det fekk pneumatisk traktur og kjeglelade. Den nye typen traktur gjorde orglet lett å spele på og fungerte sikkert påliteleg lenge, men kan ha bydd på problem etter at det blei installert elektrisk oppvarming i kyrkja. Denne typen pneumatikk er likevel enkel, og vindladane er framleis dei robuste kjegleladane. Ei restaurering er mogeleg.

Det eg sa i telefonen om det første orglet i Førde kyrkje, skuldast ei forveksling av Austre og Vestre Vikebygd kyrkje. Orglet i Førde blei levert frå Vestre's Orgel- og Pianofabrikk på Haramsøy, truleg til kyrkjevigsla i 1938. Det skal ha hatt heile 11 stemmer, men trakturen var pneumatisk og vindladane Vestre's eigne membranladar. Orglet var relativt stort - det nye fekk bare éi stemme meir - , men konstruksjonen er sårbar og det er sannsynleg at kombinasjonen av elektrisk fyring og slitasje gjorde det nokså uregjerleg etterkvart. Av same grunn er typen nokså sjelden,

.....Det er av musikkhistorisk betydning at Fartein Valen kjende desse orgla. Kan orgelverka hans ha blitt til under inspirasjon frå det nye og etter måten store orglet i Førde?

Kyrkjevevja har tatt kontakt med fleire orgelbyggerar i Norge for å lufta interesse for slike gamle instrument. Føreløpig har eg ikkje fått nokon tilbakemelding på at dette er av stor interesse, tilbakemeldingane tyder på at fleire frå før har nok gamle orgeldeler liggande, men det er to firma som har vist ei viss interesse. Dersom orgla hadde vore komplette kunne dei vore aktuelle for «nonprofitt eksport» til bruk i land der arbeidskrafta er langt rimelegare enn i Noreg i følge ein tilbakemelding eg har fått. Dei er nok neppe komplette slik eg ser det.

Det kan og vera at det er knytt vilkår til oppbevaring av dei gamle instrumenta i samband med at orgla vart skifta ut. Det er tatt kontakt med Bjørgvin bispedømme for å sjekke ut dette spørsmålet. Svar ligg ikkje føre enda.

Bakgrunnen for at tema nå er tatt opp er at me over tid har vore noko uroa overfor om desse orgelpipene mv kan utgjera ein ytterlegare brannfare ved ev. lynnedslag mv. i Tillegg litt dei noko i vegen ved vedlikehald mv. i kyrkjene. Slik lagring gir og eit «rotete inntrykk». Rett nok i lokale som ikkje får så mange besøkande.

Vurdering

Slik kyrkjevevja vurderer er det uheldig at me fortset med lagring av desse gamle orgla/orgeldelene. Sjølv om dei kan ha ein nostalgisk verdi er det lite verdi i å ta vare på desse då det sannsynlegvis ikkje vil vera aktuelt å nytta desse i nokon av våre kyrkjer. Det vil sjølv sagt vera ønskeleg at desse vart tatt vare på av nokon som kunne ha interesse, kunnskap og kapasitet til å ivareta orgla. Dersom ikkje det kjem fram slik interesse vurderer kyrkjevevja det slik at deler, fortrinnsvis enkeltpiper kan seljast til folk som kunne ha interesse av dette, t.d. gjennom Gjenbruksløa. Alternativet vert å levera metall til gjenvinning og andre deler til miljøstasjonen.

Slik avhending av orgla har som føresetnad at det ikkje er vedtak hjå bispedømmet som er til hinder for dette.

Før slik prosess kan starta må me og senda saka over til sokneråda for uttale.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert sett i gang ein prosess om avhending av dei gamle orgla/orgeldelene som ligg lagra i Sveio, Førde og Valestrand kyrkje.
2. Dersom det ikkje lukkast å selja/gi dei bort vert dei levert til gjenvinning/miljøstasjon
3. Før iverksetting av vedtaket vert saka sendt over til sokneråda for uttale.
4. Punkt 1 og 2 har som føresetnad at det ikkje er gjort vedtak hjå biskopen som er til hinder for dette.

Behandling i møte:

Det vart peika på at orgelet som står lagra i Sveio kyrkja var bygd av eit anerkjent firma og at det finnes andre tilsvarande orgel som framleis er i bruk. Orgelet som stod i Førde hadde ikkje gode kvaliteter med seg og kan seljast. Ev. orgelfirma som kan vera interesserte bes om å sjå på delane i løpet av 2023. m

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Det vert sett i gang ein prosess om avhending av dei gamle orgla/orgeldelene som ligg lagra i Førde og Valestrand kyrkje.
2. Dersom det ikkje lukkast å selja/gi dei bort vert dei levert til gjenvinning/miljøstasjon
3. For orgeldelene i Sveio kyrkje er ein meir avventande til ev. avhending.
4. Før iverksetting av vedtaket vert saka sendt over til sokneråda for uttale.
5. Punkt 1 og 2 har som føresetnad at det ikkje er gjort vedtak hjå biskopen som er til hinder for dette.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.11.2022	21/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

21/2022 Installasjon av varmepumper mv. i Sveio kyrkje

Over fleire år har det vore planar om installering av varmepumper i Sveio kyrkje. Det er nå kome så langt at planane snart kan setjast ut i livet. Løyving av midlar er gjort i Sveio kommune sitt budsjett for 2022. Løyvingane her bør kunne finansiere varmepumper og styringsanlegg for dette.

Planane er å installere to varmepumper bak i kyrkja, to vifter i taket på kyrkja samt styringsanlegg med tilhøyrande sensorar. Det vil vera synleg i kyrkja er dei to varmepumpene bak i kyrkja og dei to viftene i taket, samt nokre små sensorar i tilknytning til desse.

Styringsskap mv vil bli plassert i det gamle dåpsakristiet i kyrkja. Her er det frå før ei rekkje tekniske installasjonar.

Utvendig vil det vera behov for eit hus over utedelen til varmepumpene. Dei vert plassert ved kyrkjeveggen eller ved kyrkjegardsmuren på nordsida av kyrkja. Endeleg utforming/plassering er ikkje klar.

Styringsanlegget som vi ønskjer å installere er CC kirke, eit system som er i bruk i mange kyrkjer i Norge. Dette er integrert med «Medarbeidaren», slik at varme vert styrt ved å legge inn avtalar i «Medarbeidaren». Dette forenkler styringa mykje samanlikna med dersom det ikkje var slik samkjøring.

VURDERING:

Det er heilt nødvendig å heve varmekapasiteten i Sveio kyrkje. Den beste måten å gjer dette på er etter mi vurdering ved å installere varmepumper i kyrkja. Generelt er det og ei utfordring at varme stig. I kyrkjene er det høgt under taket og det er derfor ønskeleg å få sirkulasjon i lufta. Ved å installere vifter i taket kan vi oppnå dette. Dette vil medføre at me kan redusere kapasiteten på varmepumpene samt at me ikkje utset orgel for like stor varmepåkjenning som me elles hadde gjort. Orgelet er som kjent plassert på galleriet og får det varmare enn nede i kyrkjerommet. Vifter må ha ei styring som gjer at dei vert slått av under gudstenester og andre arrangement. Enten automatisk eller manuelt. Ved å slå dei av før gudstenester vil me ikkje få støy samt og ev. renning av lys.

Dokument i saka:

- Bilde som illustrerer plassering samt utsjånad på aktuelle varmepumper og vifter

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak;

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd ser positivt på planane om installering av varmepumper, vifter og styringsanlegg i Sveio kyrkje.
2. Endelig godkjenning av planane kan gis av FR i seinare møte, om nødvendig i elektronisk møte, før oversending av søknad til biskop/Riksantikvaren.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd ser positivt på planane om installering av varmepumper, vifter og styringsanlegg i Sveio kyrkje.
2. Endelig godkjenning av planane kan gis av FR i seinare møte, om nødvendig i elektronisk møte, før oversending av søknad til biskop/Riksantikvaren.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.11.2022	22/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

22/2022 Ledig stilling som kyrkjevevje Utlysingsprosess

Kyrkjevevja har nyleg sagt opp si stilling med siste arbeidsdag 30.april 2023. Fellesrådet bør drøfte utlysing mv.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak;

- Sveio kyrkjelege Fellesråd tar sikte på følgande plan for utlysing/tilsetjing av ny kyrkjevevje:

Behandling i møte:

Kyrkjevevje orienterte om at arbeidsleiar og har sagt opp si stilling frå 1. april 2022.

Kyrkjevevja gjekk deretter frå møte.

Fellesrådet drøfta oppretting av eit tilsetjingsutval. Utvalet vert beståande av leiar, Johannes Flatnes, nestleiar Øyvind Tislavoll samt Kristi Tveitaskog og Arild Steinsland. Supplert og av representant for dei tilsette. Det er ønskeleg at kyrkjevevja har ein sekretærfunksjon for utvalet.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak;

- Sveio kyrkjelege Fellesråd tar sikte på følgande plan for utlysing/tilsetjing av ny kyrkjevevje:
 1. Det vert oppretta eit tilsetjingsutval beståande av Johannes Flatnes, Øyvind Tislavoll, Kristi Tveitaskog, Arild Steinsland samt representant for dei tilsette.
 2. Kyrkjevevja vert sekretær for utvalet og kallar inn til første møte 6.12 kl. 0900
 3. Vidare prosess vert lagt opp av tilsetjingsutvalet.

